

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**  
**nr. 108/2017**

2018/EØS/37/05

av 13. juni 2017

**om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og på følgjande bakgrunn:

- 1) Kommisjonsavgjerd (EU) 2017/175 av 25. januar 2017 om fastsetjing av kriteria for tildeling av EU-miljømerket til overnattingsstader<sup>(1)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonsbeslutning (EU) 2017/176 av 25. januar 2017 om fastsettelse av kriterier for EU-miljømerket for tre-, kork- og bambusbaserte gulvbelegg<sup>(2)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Avgjerd (EU) 2017/175 opphevar kommisjonsvedtak 2009/564/EF<sup>(3)</sup> og 2009/578/EF<sup>(4)</sup>, som er tekne inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala.
- 4) Avgjerd (EU) 2017/176 opphevar kommisjonsvedtak 2010/18/EF<sup>(5)</sup>, som er teke inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala.
- 5) Vedlegg XX til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I vedlegg XX til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. Teksta i nr. 2m (kommisjonsvedtak 2009/578/EF) skal lyde:

”**32017 D 0175:** Kommisjonsavgjerd (EU) 2017/175 av 25. januar 2017 om fastsetjing av kriteria for tildeling av EU-miljømerket til overnattingsstader (EUT L 28 av 2.2.2017, s. 9).”

2. Teksta i nr. 2zb (kommisjonsvedtak 2010/18/EF) skal lyde:

”**32017 D 0176:** Kommisjonsbeslutning (EU) 2017/176 av 25. januar 2017 om fastsettelse av kriterier for EU-miljømerket for tre-, kork- og bambusbaserte gulvbelegg (EUT L 28 av 2.2.2017, s. 44).”

3. Teksta i nr. 2p (kommisjonsvedtak 2009/564/EF) vert oppheva.

*Artikkel 2*

Teksta til avgjerd (EU) 2017/175 og (EU) 2017/176 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 14. juni 2017, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn<sup>(\*)</sup>.

<sup>(1)</sup> TEU L 28 av 2.2.2017, s. 9.

<sup>(2)</sup> TEU L 28 av 2.2.2017, s. 44.

<sup>(3)</sup> TEU L 196 av 28.7.2009, s. 36.

<sup>(4)</sup> TEU L 198 av 30.7.2009, s. 57.

<sup>(5)</sup> TEU L 8 av 13.1.2010, s. 32.

<sup>(\*)</sup> Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

*Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 13. juni 2017.

For EØS-komiteen

***Claude Maerten***

Forman